


Til: Kunnskapsdepartementet



**StL**  
STUDENTENES  
LANDSFORBUND

Vår ref:

Dykkar ref:

Dato: 25.08.06

Arkivref: OØ\G:\Område\_5\550\_Høringsuttalelser fra StL\2006\b-050901 Følgerev høring utdanningssamarbeid Nord-Amerika.doc

## Høring: Utdanningssamarbeid med Nord-Amerika

Studentenes Landsforbund (StL) gir med dette sine kommentarar til forslag om satsingsplan for utdanningssamarbeid med Nord-Amerika.

Vi takkar for muligheita til å gi våre innspel.

Vennleg helsing

Olav Øye  
Internasjonalt ansvarleg  
Studentenes Landforbund

# HØRINGSUTTALELSE



Arkivref: Område\_5\550\_Høringsuttalelser fra StL\2006\h-060825 Utd-samarbeid Nord-Amerika.doc

## Utdanningssamarbeid med Nord-Amerika

Studentenes Landsforbund (StL) takkar for muligheita til å komme med høringsuttale i denne saka. Vi vil her kommentere tiltaka som er lista til sist i rapporten frå arbeidsgruppa som har utreia mulige tiltak for å betre utdanningssamarbeidet med Nord-Amerika.

### Generelle kommentarar:

StL meiner at departementet og SIU bør vurdere å satse på å vidareutvikle/opprette avtaler med ei viss mengde nordamerikanske skular, for så å sluse studentar frå heile Norge til desse skulane. Spissing og satsing på eit avgrensa tal på samarbeidsskular gjer det lettare både å utnytte avtalene for alle partar, både nordmenn og nordamerikanar; studentar og skular.

StL meiner òg at departementet og SIU legg større vekt på muligheitene i Canada enn det som kjem til uttrykk i rapporten. Viss ein vil betre utdanningssamarbeidet med Nord-Amerika må Canada også vere i fokus.

### Økonomiske incentiv:

- StL meiner at ettergiving av lån når utdanninga er ferdig neppe fungerer som ein førehandsmotivasjon for å velje studium.
- StL støttar å opne for toårsfinansiering av eittårig mastergrad (på grunn av at studentar eventuelt må ta forkurs/Graduate school). Men viss departementet meiner det er realistisk, bør norske myndigheiter og Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) på sikt arbeide for at norske bachelorgrader blir godkjente som grunnlag for masterstudium ved nordamerikanske skular.
- StL støttar ANSA i deira vurdering av at gjeninnføring av stønad til freshmanåret truleg vil føre til at fleire nordmenn byrjar på bachelorgrader i USA. Men viss ein må prioritere, meiner StL likevel at Lånekassa bør prioritere mastergrads- og deltidsstudentar framfor freshmanstudentar i tildeling av stipend for skulepengar. StL vil understreke at ei eventuell gjeninnføring av støtta til freshman year ikkje må gå utover studentar som er inne i eit norsk studieløp og som ønskjer å ta delar av studiet i utlandet. Det er eit uttalt mål for norsk høgare utdanning at fleire norske studentar tar eitt eller fleire semester i utlandet som ein del av utdanninga si. Da kan ein ikkje kutte støtte til studentane som vi gjere dette.

### Andre tiltak:

- Arbeidsgruppa tilrår Kunnskapsdepartementet å avklare "mulighetene til å kreve gebyrer til dekning av direkte kostnader og også eventuelt skolepenger" i samband med oppretting av avtalar med nordamerikanske institusjonar. StL går ut i frå at arbeidsgruppa kun meiner at dette skal gjelde for norske studentar sitt opphald ved ein nordamerikansk institusjon, der ein som kjent har skulepengar. Dette kan på ingen måte gjelde for innvekslande studentar til norske institusjonar, da utanlandske studentar ikkje skal betale skulepengar i Noreg. StL åttvarer sterkt mot å starte utdanningssamarbeid der ein opnar for å ta betalt frå utanlandske studentar, sjølv viss dette i visse tilfelle vil gjere det lettare å rekruttere amerikanske studentar til Noreg. Offentleg norsk høgare utdanning skal vere gratis.

# HØRINGSUTTALELSE

---



- StL støttar ikkje oppretting av ei eiga stilling som utdanningsråd. StL er særst usikre på kva nytteverdi dette vil ha viss ein sammenlikner kostnaden ved dette tiltaket opp mot alle dei andre tiltaka som er foreslått. Sia ein for berre ti år sia forsøkte å snu strømmen bort frå USA og til Europa, er det slett ikkje usannsynleg at ein liknande trend vil oppstå igjen. Dette er ei aktuell problemstilling ikkje minst på grunn av Lisboa-prosessen, som skal gi Europa verdas mest konkurransedyktige kunnskapsøkonomi før 2010.
- StL støttar ikkje prisar for "fortjente studenter". Motivasjonseffekten vil truleg vere liten, sia slike prisar vil gjelde for særst få studentar.
- Spissing av nettstaden studyinnorway.no er særst viktig. Til dømes bør ein vise døme på konkrete studium ved konkrete norske skular, slik at nordamerikanske studenter med lite tålmod slepp å orientere seg i jungelen av nettsider med ymse oversiktlegheit.
- TOEFL-testen er for mange eit hinder for USA-studium. StL ønskjer at departementet ser på alternative måtar å måle engelskkompetanse på. For eksempel: Viss TOEFL-testen kunne blitt erstatta med eit krav om karakteren 4 i engelsk frå vidaregåande skule, ville det betydd mykje.